

# Kyrkjeblad for Lom



Bøverdal



Lom



Garmo

Nr. 2 - 2014 - 73. årgang



*Frå venstre: Erna Fjeld Kvandalsvoll, Silje Aaboen, Celine Svaet, Marita Moen og Isabell Svaet.  
Sina Holø Husom var ikkje til stade da biletet vart teke.*





## En kirke uten folk ?

Den norske kirke står overfor store utfordringer. Undersøkelser og rapporter viser dramatiske tall for kirka, blant annet at Den norske kirke tappes for medlemmer. Fortsetter dette i samme tempo, vil aktive kirkegjengere være borte i løpet av 30 år. I årene 1991, 1998 og 2008 ble det samlet inn data om den religiøse utviklingen i Norge. Hovedfunnene er; antallet nordmenn som uten forbehold sier at de ikke tror på Gud, har nesten doblet seg i denne perioden, fra 10 til 18%. Andelen aktive kirkegjengere – de som går i kirka månedlig eller oftere – er redusert med over en tredjedel, fra 11 til 7%. Og andelen døpte har sunket fra 81 til 68%.

Tall fra en omfattende europeisk samfunnsundersøkelse (European Social Survey) gjengitt i Aftenposten i 2009, viser at nordmenn er blant Europas minst aktive kirkegjengere. Vi er blant de minst religiøse og blant dem som går sjeldnest i kirka.

I en annen undersøkelse, gjengitt i Dagbladet, har én av tre nordmenn et dårlig inntrykk av kirka. I følge undersøkelsen er "trangsynt", "fordomsfull" og "ekskluderende" ordene som skårer høyest – ved siden av "tradisjonsrik" – når folk blir spurt hvilke ord de mener karakteriserer Den norske kirke. Honnørordene "fargerik", "utfordrende" og "raus" kommer helt nederst på listen.

For kirka gir disse tallene og undersøkelsene grunn til adskillig ettertanke. Men jeg er ikke overrasket over at mange mennesker opplever kirka som fremmed og ekskluderende og at oppslutningen om den faller. For det første er kirka usynlig og fraværende i mange lokalmiljøer. Kirka deltar sjelden i den offentlige debatt og i spørsmål som vedrører samfunnets ve og vel. Når kirka unntaksvis er synlig, er det ofte på en negativ måte, for eksempel i sammenheng med kirkas nei til homofile ekteskap.

Men først og fremst handler denne krisen mellom kirke og folk, om kirkas budskap og kirkas manglende evne til å kommunisere med mennesker i vår tid.

Vi trenger en kirke som kan lytte – i stedet for å belære. Kirkas oppgave er ikke å forkynne mer kirkelære og dogmatikk – men å lytte til folks erfaringer. La de gamle svarene, de gamle dogmene ligge! De var gårsdagens svar på menneskers spørsmål. De skriftlærde på Jesu tid hadde folket i sitt jerngrep med alle sine forskrifter og påbud – og dagens presteskap utøver sin makt med teologi og kirkelære.

Jeg tror vi trenger nytenkning, nye ideer og åpenhet for å se ting på en annerledes måte. Det skal være høyt under taket i kirka, lave terskler inn og kirka må være åpen og inkluderende.

Som nytilsatt prest i Lom kommune ønsker jeg å bidra til en åpen og raus kirke.

Og jeg vil gjerne lytte til hva folket i Lom ønsker av sin lokale kirke. Hva slags kirke ønsker vi? Og hva kan du bidra med?


Jeg ønsker å ha Lom kommunes visjon; "gjestfri og nyskapende", som min egen visjon for det arbeid jeg skal gjøre som prest i Bøverdalen, Garmo og Lom.

Vi må sammen – gjennom dialog og diskusjon – skape en kirke som oppleves som et godt sted å komme til – og være en del av. Og så må vi ikke glemme, at kirka har sin læremester; nemlig Jesus.

Jesus peker på kjærligheten, ikke skammen. Jesus tror på nåden, ikke dommen. Jesus gir mennesker håp og oppmuntring, ikke skyldfølelse.

Jeg gleder meg og ser fram til spennende og utfordrende samarbeid med folket i Lom om å virkelig gjøre Jesu egne ord: kjærlighet, nåde og håp!

*Einar Gelius*



### LOM:

*Fremste rekke: Synnøve Sakura Heggem (prest), Mariell Brukveen Øygard, Mari Solbakken, Stine Beathe Teigen, Randi Marit Teigen, Oda Lund Aakre og Therese Dagsgard.  
Bakre rekke: Tora Slettom, Kjartan Haugen Foss, Vemund Kleiven, Jørn Torstein Bosmen og Silje Kvåle.*



### BØVERDALEN:

*Dag Åmund Aukrust, Vilde Stee, Ådne Flaten, Rolv Leirdalen Risheim og Synnøve Sakura Heggem (prest)*



### GARMO:

*Fremste rekke: Synnø Biløygard, Eldri Kolden og Synnøve Sakura Heggem (prest)  
Bakre rekke: Thomas Ekle Løken, Lars Harald Graffer og Kristian Eriksen Strand.*





## Innsettingsmesse for sokneprest Einar Gelius 11. mai 2014



Formann i Lom kyrkjelege råd Jon Kleiven, les opp innsettingsbrevet frå Biskopen i Hamar.

**Den nye soknepresten i Lom, Einar Gelius byrja i sitt embete her 1. mai. Sondag 11. mai var det høgtideleg innsettingsmesse, der ei nær fullsett Lomskyrkje tok varmt og hjarteleg imot sin nye sokneprest.**

Kyrkjelyden vart møtt av ei svært vakkert pynta kyrkje, der Kari Nyborg Teigen og hennar gode medhjelparar hadde lagt sjel og omtanke i arbeidet med å la vakre fjellblomar pryde kyrkja både ute og inne. Inngangsprosesjonen vart leia av krossberar Anne-Mette Kolden, med dåpsfylgje, leiar i Lom kyrkjelege råd Jon Kleiven, sokneprest i Skjåk Kåre Gloslie, prost Paul Skuland og sokneprest Einar Gelius. Unge og dyktige musikarar i Lom juniorspelmannslag under leiing av Kristin Kolden spela prosesjonsfylgjet inn i Lomskyrkja denne historiske høgtidsdagen. Prosten helsa kyrkjelyden og slo fast at Lom har fått det han kalla ein folkekyrkjeprest, ein som frå nå av skal følgje lomværanane i både sorg og glede. Leiar i Lom kyrkjelege råd las innsettingsbrevet frå biskop Solveig Fiske, før den nye soknepresten gjekk på preikestolen

i Lomskyrkja for fyrste gong. I preika si takka han lomværanane for den varme velkomsten han har fått. – Det er utruleg rørende og det kjennest godt at eg er velkomen i både kyrkja og i kommunen. Tusen takk til alle som er her i dag, takk til Lom kyrkjelege råd som innstilte meg på fyrsteplass, takk til Hamar bispedømme, til prost Skuland som har teke imot meg med varme og omsorg, og takk til ordføraren. Eg håpar vi skal få til eit spennande samarbeid mellom kyrkje og kommune, sa Gelius.

Sprudlande, friske og blide ungar i Lom Barneklang under leiing av Randi Glimsdal Bakke og organist Terje Blakarstugun, gledde kyrkjelyden med vakker song som fekk fram smilet og gleden i alle. Lomsklangen, under leiing av Kristbjørn Rossehaug, framførte den vakre «An Irish Blessing» og «Gabriellas sang» med Ragnhild Kvåle Olstad som framifrå songsolist og Aud Gravningen Sørhage på piano. Postludiet med Lom juniorspelmannslag sette eit verdig punktum for ei vakker og minnerik innsettingsmesse. Og utanfor kyrkja stod ein strålende blid sokneprest Einar og helsa hjarteleg på sine nye sambygdingar.



Einar døyper sin fyrste lomvæ.

Lom kyrkjelege råd og Lom kommune baud inn til kyrkjekaffi på Nordal Turistsenter etter messa. Der var det kulturelle innslag frå Lomsklangen, den dyktige folkemusikktrioen Dølasneillun med Astrid Garmo, Mari Midtli og Amalie Aaseng, og Lom juniorspelmannslag. Det var helsingar frå Lom kyrkjelege råd ved Ove Tidemansen, Lom kommune ved ordførar

Bjarne Eiolf Holø, prosten i Nord-Gudbrandsdal prosti, soknepresten i Skjåk, leiar for Vågå kyrkjelege fellestråd Ivar Valdvik og dekan Trygve Wyller ved teologisk fakultet ved universitetet i Oslo. Soknepresten avslutta denne minnerike dagen med varme takkens ord til alle!

Steinar Angard



Sokneprest Einar Gelius, sokneprest Kåre Gloslie og prost Paul Skuland gjer seg klare til inngangsprosesjonen.



Mikrofontest v/sokneprest Einar. Prost Paul fylgjer spent med.

Alle foto: © Fjuken





## Skapt til å dele



Prestegardens Kvinnerforening i Lom blei starta i 1876. Mange av dykk har kan hende minne frå barndomen, frå foreiningsmøte der de var med mor eller bestemor? I mange år har misjonsforeiningane vore grupper der ein kom saman om Bibel og misjon, og dei var viktige sosiale nettverk i bygda. Vår foreining er tilknytt Det norske Misjonsselskap, den eldste misjonsorganisasjonen i Noreg. På møta samlar vi inn pengar og bed for misjonsarbeidet i mange land. Så vi har blikket vendt utover mot den store verda, for å gjere Jesus kjend og dele det vi har fått. Samtidig hugsar vi på Lom, folket og kyrkja her i bøn.

Namnet viser at denne foreininga tradisjonelt har halde til i Prestegarden, med prestekona som leiar og presten som fast talar.

Her har tidene endra seg. Men vi held framleis på nokre tradisjonar, som faste bøner skrive og samla av tidlegare medlemmer. Elles er programmet andakt, refleksjon, opplesing frå Misjonstidende og anna, forteljing og/eller bilete frå misjonsarbeidet. Her kan ein bruke dei gåvene ein har fått, til dømes i diktopplesing. Det har ikkje vore til å unngå at Japan har vore i fokus dei siste åra. Så syng vi, pratar og kosar oss kring eit enkelt kaffibord. Bundingen kan ein òg ta fram, om ein vil. No møtest vi kvar fyrste tysdag i månaden, frå kl. 18.00 til 20.00. Tema følgjer kyrkjeåret med adventsmøte, julemøte, påskemøte osv.

Møta er rundt i heimane, og ein gong i året har vi felles møte med misjonsforeininga i Vågå. Juni-møtet har vore fast på Sandom dei siste åra. I år er det 17. juni, kl. 18.00. Velkomen!

Foreininga høyrer til i Region Aust av Det norske Misjonsselskap. Kvart år er det områdemøte for foreiningane i Gudbrandsdalen. Området har og sitt eige styre. Årleg kjem ein av dei tilsette i NMS rundt for å vitje foreiningane. 2.-6. juli i år har NMS sin sommarfest med Generalforsamling i Oslo, og der kjem vi òg til å ha ein utsending. Så vi står i ein stor samanheng.

Vi set opp plakatar på Kiwi og Coop før møta.

Elles kan de ta kontakt med Anna Magni Larsen. Telefon på dagtid: 61 21 27 45.

Vi ynskjer alle som vil vere med velkomne. Noko medlemsregister har vi ikkje, så det er fritt til å koma og gå. No for tida er det mange som meiner at misjon er uaktuelt, så på eit vis er vi ein motkultur i samfunnet, og vi står for det. Men du treng ikkje ha nokor sterk meining om dette for å vere med... I alle fall trur og veit vi at mange menneske kring i verda er takksame for det vesle vi gjer.

Og vi for at vi får tene Gud og menneske på denne måten.

*Anna Magni Larsen*



*På Kyrkjelydshuset heng ein plakatar som fortel om trufast teneste gjennom meir enn 130 år.*

### Fasteaksjonen 2014

Vi vil rette ein stor takk til konfirmantar, foreldre, tilsette og andre friviljuge for flott innsats ved fasteaksjonen 2014.

Resultatet i år vart som følgjer:

**Bøverdalen: kr. 2 583,- • Garmo: kr. 2 906,- • Lom: 12 385,-**



## Kunngjeringar



*Om du kan tenkje deg å vera friviljug hjelpar på småbarnstreffene, fredagstreffene eller sjåfør til fredagstreff og matutkøyring, ta gjerne kontakt.*

**Friviljugsentralen treng fleire friviljuge!**

### Aktivitetane startar att:

**Trimgruppa startar att torsdag den 21.august:** Tur til Kusletta. Vi startar turen frå Friviljugsentralen kl.11.30. Ta med niste.

**Gågruppe er kvar torsdag kl.11.30.**

Turar: Rundhaugbua i Lia torsdag den 11. september. Bordvassvegen torsdag den 9.oktober. Velkomne til fine turar! Oversikt over turane får du ved å vende deg til Anne Marstein el. Ella Hoel.

**Fredagstreffene startar att fredag den 5.september kl.10.30.** Velkomne til trivelege treffdagar!

**Strikkegruppa Bundingen startar att måndag den 8.september kl.11-13.** Velkomne! (strikkegruppa Bundingen møtest annankvar måndag).

**Småbarnstreffene startar att onsdag den 8.oktober kl.11-13.** Velkomne! (Småbarnstreffene møtest annankvar onsdag).

## SØNDAGSSKOLEN NORGE 125 år!

**Feiring i Hunderfossen familiepark 27. september med fest og aktivitetar for alle. Billigare med førehandspåmelding før 1. aug.**

I over hundre år har det vore eit organisert sundagsskularbeid i Noreg. Eigentleg er sundagsskolen enda eldre. Det byrja i Stavanger, etter idé frå England. Men i 1889 vart den organisert med eit landsstyre og krinsar rundt om i landet. Dette kom som eit resultat av at arbeidet voks så raskt og sterkt og det var behov for ei organisering av arbeidet. Mange kjenner til namnet Norsk Søndagsskoleforbund, det var stiftingsnamnet som vart vedteke ein sommardag i Trondheim i 1889. No er namnet SØNDAGSSKOLEN NORGE.

No feirar vi 125 år. Det er verd ei markering. Utruleg mykje er endra på alle desse åra. Sundagsskolen har vi framleis bruk for i trusopplæring i kyrkja, i bedehusa våre, i forsamlingar og fellesskap, ved sjømannskyrkjene våre og på misjonsfeltene. Sundagsskolen er et omgrep som mange kjenner og veit kva står for.

Det er nok vanskelegare å drive sundagsskule i dag enn det var for 125 år sidan. No er det så mykje meir som fyller dagane og helgene til born og familiar, men nett difor er det så viktig at tilbodet er der og at vi ikkje gjev opp. Undervisningsmateriell har endra seg heile tida, og i dag kan vi tilby eit godt, pedagogisk materiell, SPRELL LEVANDE. No vil vi feire med fest og aktivitetar i Hunderfossen. Sjå [www.sondagsskolen.no](http://www.sondagsskolen.no)

*Randi Korsveien*





## Lom Barneklang

har hatt ein lang og innhaldsrik vinter og vår. Vi har delteke ved ulike høve i alle dei tre kyrkjene våre, og vi har vore på Helseheimen eit par gonger. Høgdepunktet vart vel da vi til og med kom på TV i samband med innsetjingsmessa 11. mai. Difor var alle i Lom Barneklang samde om at det no var på sin plass å invitere både foreldre, sysken, besteforeldre, oldeforeldre og gode hjelparar til ein skikkeleg sommarfest.

Tysdag 3. juni starta vi med pølser og saft på kyrkjelydshuset. Deretter var alle med og pynta og dekte på før gjestane våre kom. Vi vart til saman over 20 stykke som kunne benke oss rundt eit reakt langbord. Lom Barneklang opna festen med nokre songar før vi gjekk laus på kakene, isen og godteriskålene. Gjestane fekk høyre mykje fin song etter kvart, og dei to snille kjøkenhjelpene våre, Sølvi og Bjørg fekk kvar sin vel fortente bukett som takk frå Barneklangen. Vi hadde ein riktig triveleg ettermiddag saman!

No tek Lom Barneklang sommarferie. Vi tek sikte på å kome i gang att så fort som mogleg etter skulestart, truleg fyrst i september. Det kjem nærare informasjon om dette. Lom Barneklang er eit tilbod for alle songglade born frå 1. klasse og oppover. Er det nokon som har lyst til å verte med eller ynskjer å få vite meir om oss, kan de gjerne kontakte underteikna på tlf. 91363856.

*Randi.*



*Framme frå venstre: Silje, Erna, Marita og Celine. (Sina og Isabell var på fotballkamp da biletet var teke) Bak frå venstre: Terje Blakarstugun, Sølvi Nilsen, Bjørg Øyøygard og Randi Glimsdal Bakke.*

### Omvisartenesta 2014

Dagleg leiar: Torunn Kjøk

Omvisarar:

Lars Bakkom, Anna Moe, Aase Helland, Estin Blessom, Signe Marit Hyrve, Torkjell Lund, Magnus Mundal, Rannei Hosar, Ingvild Lunde, Trygve Garmo, Sindre Banken, Vemund Olav Aukrust, Arp Frerich Schmidt.

### Bøverdalskyrkja 150 år

Sundag 16. november 2014 skal vi feire at Bøverdalskyrkja er 150 år. Det blir festgudsteneste kl. 11:00. Etterpå vert det ei samling på Samfunnshuset med rumgraut og spekemat. Vi ynskjer at du/de set av denne helga for å vera med på dette. Det kjem meir informasjon med påmelding seinare.

*Helsing frå jubileumskomiteen*



### Takk:

Vi vil rette ein stor takk til alle som har stilt opp på rakedugnad og plantedugnad på kyrkjegardane våre i vår. Dugnadsånda lever godt i bygda vår, og de skal ha ein stor del av æra for at det er så pent på kyrkjegardane våre!

### Frist:

Stoff-frist for neste kyrkjeblad er 20.august 2014!

### Prestane sin vakttelefon:

Prestane sin vakttelefon i Nord-Gudbrandsdal  
VAKTNUMMER 414 81 457

Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00

Helg: Fredag kl. 17:00 – måndag 08:00

### Kyrkjelydstur:

Kyrkjelydsturen i år gjekk til Rena 16. juni. Fullteikna buss reiste for mellom anna å treffe Synnøve prest. Referat og bilete frå turen kjem i neste utgåve av kyrkjebladet.

### Konfirmantjubileum:

Konfirmantjubileet i år er lagt til helga 6. og 7. september, med gudsteneste i Bøverdalen kyrkje søndag 7. september kl. 11:00. Dei som stod konfirmant i kyrkjene våre fylgjande datoar skal ha fått invitasjon i posten:

- **Bøverdalen kyrkje**

- 28. juni 1964
- 10. oktober 1954
- 15. oktober 1944
- 16. september 1934

- **Garmo kyrkje**

- 21. juni 1964
- 3. oktober 1954
- 1. oktober 1944
- 21. mai 1934

- **Lom kyrkje**

- 14. juni 1964
- 26. september 1954
- 8. oktober 1944
- 23. september 1934

Om det er nokon av lesarane våre som meiner dei høyrer til eitt av desse kulla og ikkje har fått invitasjon, ber vi dykk ta kontakt med kyrkjekontoret snarast råd.

### Konfirmantleir:

Neste års konfirmantar skal som tidlegare nemnt på leir på Nordfjord Folkehøgskule i Gloppen, 23.-27. juni i år. Leiren er eit fellesprosjekt for kommunane Nord-Fron, Lesja, Dovre, Sel og Lom. Både Einar, Borghild og Gunn Berit reiser på dette, sidan det er krav om minimum ein vaksen per 10. konfirmant. I tillegg er vi så heldige at eit par mødrer har sagt seg viljuge til å vere med fyrst i veka.

Dette fører til at kontoret vert ubemanna i veke 26, men de kan få tak i Terje eller Jonas på 61 21 16 75 mellom kl. 10:00 og 14:00.

I Nord-Gudbrandsdal prosti vert det 3 prestar nemnte veke. Dette er Kristin Strand, sokneprest i Vågå, Kåre Gloslie, sokneprest i Skjåk, og Paul Skuland, prost i Nord-Gudbrandsdal prosti.

### Friviljuge:

Ynskjer du å hjelpe oss som sjåfør, tekstlesar og/eller kyrkjevert i samband med gudstenestene?

Lom og Skjåk samarbeider slik at det kvar helg skal vere tilbod om messe i minst ein av kommunane. Vi treng av og til sjåførar, då folk gjerne ynskjer å kome til gudsteneste men treng skyss bort og heim.

Vi har ei liste over trufaste hjelparar som stiller seg disponible som tekstlesarar og kyrkjevertar under gudstenestene. Dette er vi svært takksame for, og det er plass til fleire! Med fleire namn på listene kan vi fordele dette enda meir jamt. Så om du ynskjer å hjelpe oss med ei gudsteneste eller to gjennom året, er vi glade for det. Dette gjeld både Bøverdalen, Garmo og Lom.

Kontakt kyrkjekontoret om du ynskjer å hjelpe oss, eller om du vil veta meir om oppgåvene.

### Omvisartenesta og Blomfond-tilsett:

Omvisartenesta i Lomskyrkja er i full gang med sommarsongen. Fram til 17. august held dei dagleg ope frå kl. 09:00 til 19:00, deretter frå kl. 09:00 til 17:00 ut august. I september held dei ope frå kl. 10:00 til 16:00.

Sidan Lomskyrkja er ei brukskyrkje, vert den sjølvstendig stengd for turistar under kyrkjelege handlingar som bryllaup og gravferd.

Guri Husom er tilsett som kyrkjegardsarbeidar på kyrkjegardane våre, i fyrste omgang fram til 31.august.





# Kirketeigen 50 år

## 29.-31. august vert det 50 årsjubileum på Kirketeigen!

Med dette vert alle inviterte til ei spanande helg med møte, jubileumssamling, konsert, gudsteneste og ikkje minst sosialt samvær og mimring. Rune Enstad kjem, og i samband med dette inviterer vi alle som var med i Kretsungdomskoret i perioden 1980 - 86. Det vert lagt opp til parallelle arrangement med korøving, møtesamlingar og aktivitetar fredag kveld og laurdag. Laurdag kl. 17:00 er det jubileumssamling. Kl. 20:00 vert det konsert med «gamle» Music Mission, Rondane gospelkor og Kretsungdomskoret. Sundag kl. 11:00 vert det gudsteneste i Kvam kyrkje ved Kjartan Ruset og Vidar Hoel, song av Kretsungdomskoret.

Meir informasjon og program vert lagt ut på Normisjon, region Oppland sine heimesider. Det vil bli annonsert i GD. Det er oppretta Facebookgruppe for kretsungdomskoret, under namnet Kretskoret.

Vi vonar at de som les dette kan gje beskjed vidare til alle som kan vere interesserte i å kome.

**HJARTELEG VELKOMEN!**

*Jubileumskomiteen.*

## LOM KYRKJELAG KONTORA

Du treffer folk på dei **KYRKJELEGE KONTORA** på Midtgard månd. – fred.kl. 10:00 - 14:00  
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom.  
Bankkonto: 2085 07 11772

### LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD

Jon Kleiven, tlf. 970 32 594

### SOKNEPREST

Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40  
Prestegarden: 906 55 838

e-post: soknepresten@lom.kommune.no

### KYRKJEVERJE

Borghild Skarelv, tlf. 61 21 73 38  
e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no

### KYRKJELYSSEKRETÆR & TRUSOPPLÆRAR

Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39  
e-post: kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

### ORGANIST, KYRKJETENAR Lom kyrkje

Terje Blakarstugun

### KYRKJETENAR Lom kyrkje og Garmo kyrkje

Jonas Fjeld  
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75 kl. 10:00 – 14:00  
tlf. Garmo kyrkje, 61 21 24 37  
e-post: kyrkjetenar@lom.kommune.no

### KYRKJETENAR Bøverdalen kyrkje

Sigurd Stenersen, tlf. 948 24 780  
tlf. Bøverdalen kyrkje, 61 21 20 27

### BLOMEFONDET

Bankkontonr.: 2085.07.11772

### OMVISARTENESTA, tlf. 61 21 73 38

### KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Randi Glimsdal Bakke,  
Merete Byrøygard, kyrkjelydssekretæren  
og soknepresten

### SIDOPPSETT OG TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as, tlf. 61 27 73 50  
e-post: lasse@dg-trykk.no

[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)



## Heim og ætt

### BØVERDALEN

17.05: Christer Welve Nordvik

### LOM

19.04: Birk Stee, Lillehammer  
11.05: Øystein Bårdseng  
08.06: Mikkel Teigen, Kongsvinger  
08.06: Margit Teigen, Kongsvinger  
08.06: Markus Mandal



### BØVERDALEN

24.05: Silje Vole og Vidar Stee

### LOM

31.05: Monicha Nergaard og  
Håvard Sandnes, Glåmos



### GARMO

29.01: Syver Laingen, f. 1942  
26.03: Rolv Enersvold, f. 1931  
09.05: Harald Garmo, f. 1928  
13.06: Hans Smedsmo, f. 1938

### LOM

14.03: Knut Lund, f. 1934  
19.03: Berit Randi Sveine, f. 1956  
01.04: Embjørg Grjotheim, f. 1924  
04.04: Arne Benoni Vangen, f. 1919  
11.04: Ruth Ingeborg Aukrust, f. 1921  
15.04: Solveig Kveen, f. 1927  
25.04: Sylfest Aukrust, f. 1923  
29.04: Rasmus Dalen, f. 1940  
02.05: Steinar Skaansar, f. 1930  
04.06: Margit Bråtet, f. 1935  
04.06: Asger Hansen, f. 1926  
06.06: Aase Aukrust, f. 1929

**Prestane sin vakttelefon  
i Nord-Gudbrandsdal  
VAKTNUMMER 414 81 457**  
Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00  
Helg: Fredag kl. 17:00 - Måndag 08:00

**Stoff-frist for neste kyrkjeblad er  
20. august 2014**

## Gudstenesteplan

*Frå 2014 er det eit mål at det kvar veke skal vere gudsteneste anten i Lom eller Skjåk*

**Sundag 22.06.2014**  
BØVERDAL KYRKJE kl. 1100

**2.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd, barnedåp.  
Dette er siste messa Sigurd er i arbeid som kyrkjetenar i Bøverdalen, og det vert markert med kyrkjekaffe i Boomer-stugu etter messa.

**Sundag 29.06.2014**  
LOM KYRKJE kl. 1100

**3.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd, barnedåp.

**Sundag 13.07.2014**  
GARMO KYRKJE kl. 1100

**5.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd

**Sundag 20.07.2014**  
LOM KYRKJE kl. 1100

**6.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd

**Sundag 27.07.2014**  
MEDALEN BEDEHUS kl. 1930

**7.sundag i Treiningstida**  
Song/salmekveld. Offer til bedehuset

**Onsdag 29.07.2014**  
LOM KYRKJE kl. 1800

**Olsok**  
Olsokmesse

**Sundag 03.08.2014**  
JUVASSHYTTA kl. 1200

**8.sundag i Treiningstida**  
Fjellmesse

**Sundag 17.08.2014**  
BRIMI SÆTER kl. 1100

**10.sundag i Treiningstida**  
Sætermesse m/ barnedåp

**Sundag 31.08.2014**  
LOM KYRKJE kl. 1930

**12.sundag i Treiningstida**  
Presentasjonsgudsteneste

**Sundag 07.09.2014**  
BØVERDAL KYRKJE kl. 1100

**13.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd, konfirmant-jubileum

**Sundag 21.09.2014**  
LOM KYRKJE kl. 1100

**15.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd

**Sundag 21.09.2014**  
GARMO KYRKJE kl. 1930

**15.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd

**Sundag 05.10.2014**  
LOM KYRKJE kl. 1100

**17.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd

**Sundag 12.10.2014**  
GARMO KYRKJE kl. 1100

**18.sundag i Treiningstida**  
Messe m/ nattverd

**Sundag 12.10.2014**  
LIDARENDE GRENDEHUS  
kl. 1400

**18.sundag i Treiningstida**  
Forenkla messe

**Sundag 26.10.2014**  
LOM KYRKJE kl. 1100

**Bots- og bededag**  
Utdeling av bok til 4-åringane.  
5-åringane er ministrantar, og ber sjølv fram nattverdsbrødet dei har baka dagen før.

*Vi tek atterhald om endringar. Sjå også annonse i Fjuken, oversikt i GD, samt vår eiga Facebook-side som heiter Lom Kyrkjekommune:  
<https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune>*

## FRÅ BARNEMUNN:

Ingrid Marie, 7 år: «Man kan bli frelst eller helfrelst, det kommer an på hva man gidder»  
Magne, 7 år: «Hvis du dør, så skaper Gud deg om til jord. Da skjønner du ikke bæret».

*Sitata frå barnemunn er denne gongen henta frå boka «Foreldreatlas – om barn fra 3-12 år», Kunnskapsforlaget 2005. Har du høyrte eller erfart noko sjølv, set vi stor pris på lokale historier!*

## Såing med 4-åringane

Samstundes med at vaksne pynta på kyrkjegarden i Lom 4. juni, var 4-åringane av året invitert for å så frø. Det var godt frammøte, og 4-åringane var svært ivrige. Dette var ein gjeng som slett ikkje hadde problem med å handtere korkje jord eller vatn!

Trusopplærar Gunn Berit er svært spent på om det vert resultat av frøa som vart sådd i jorda, og gler seg på å høyre meir frå 4-åringane om dette.



### Olsoke i Lom, måndag 29. juli:

- Frå kl. 1100:** Presthaugen, Liv i husom v. Lom Bygdamuseum
  - kl. 1200:** Program på Nordgard Aukrust, stiftinga Solrenning
  - kl. 1500:** Vandring til Olavssteinen på Uppistugu Synstnes ved U. Synstnes og Lom heimbygdslag
  - kl. 1700:** Omvising i Lomskyrkja v. Omvisartenesta, Lom kyrkjelege fellestråd
  - kl. 1800:** Olsokemesse i Lomskyrkja
- Etter messa, omlag kl. 1930 :
- Olsokestemne i Presthaugen. Inngang kr. 100,-
  - Kaffi og biteti.
  - Olsoktale ved Torveig Dahl, direktør for Gudbrandsdalsmusea.
  - Musikk og diktopplesing.

*Olsoke-markeringa i Lom er eit samarbeid mellom Lom kommune, Lom bygdamuseum, Stiftinga Solrenning, Uppistugu Synstnes, Kyrkja og Lom kyrkjelege fellestråd samt Lom heimbygdslag.*